



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 25/1340
ArkivID: K1-151
Saksbehandlar: Elin Myhre

Saksnr.	Utval	Møtedato
59/25	Formannskapet	27.11.2025
	Kommunestyret	

Årsbudsjett 2026 - Økonomiplan 2026-2029

Vedlegg:

21.11.2025	Økonomiplan 2026-2029	297590
21.11.2025	ØP-notat 5 ØP2026-2029 (2025-11-21)	297504
19.11.2025	Budsjettforslag for kontrollutvalet 2026 ØSK	296172
19.11.2025	Budsjettforslag, kontrollarbeid 2026 ØSK	296173
19.11.2025	10267463-01-RIB-RAP-001 Tilstandsanalyse Hegge stavkyrkje	296151
21.11.2025	Kostnadsoverslag - Særskilt forprosjekt tak Hegge stavkyrkje	296152
19.11.2025	Hegge Stavkyrkje - Kostnadsoverslag_Budsjett	296153
19.11.2025	Tilleggsstøtte til fullføring av beredskapsgarasje i Skammestein	296154
19.11.2025	Søknad om tilleggsstøtte beredskapsgarasje	296155
19.11.2025	Oppsummering Nytt helsehus Øystre Slidre 260825	296159
19.11.2025	Hegge stavkyrkje	296150
19.11.2025	Moglegheitsstudie nytt helsesenter (1)	296158
19.11.2025	Rapport Heggenes Helsehus - Ferdigstilt	296162
19.11.2025	Heggenes helsehus kostnadsestimat (1)	296163
19.11.2025	Innspel til ny helse og omsorgsplan for Ø S og økonomiplan	296165
19.11.2025	Nytt notat til formannskapet om sjukeheimen/helsehus	296156
19.11.2025	Innspel helse og omsorgsplan 2025-2028 og økonomiplan	296166
19.11.2025	Forprosjekt Rogne skule	296171
21.11.2025	Økonomiplannotat 4 ØP2026-2029 (2025-11-06 korr.versjon)	296149

Tilråding

1. Kommunestyret vedtek økonomiplan 2026-2029 med årsbudsjett for 2026 i samsvar med spesifikasjonane i vedlagd dokument, «Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd», «Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd», «Økonomisk oversikt drift etter § 5-6», «Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd», «Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd», og med dei endringane som ligg i økonomiplannotat nr. 6 og dei endringane som vart vedteke i møtet.
2. Gebyr og betalingssatsar i samsvar med «Gebyrliste», og med dei endringane som vart vedteke i møtet.
3. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter høgast lovlege satsar.
4. Kommunestyret vedtek med heimel i §§ 2 og 3 bokstav a) i eigedomsskattelova å i 2026 vidareføre utskriving av eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.

Den generelle skattesats skal vera 7 promille av takstverdien. For bustader og fritidsbustader skal skattesatsen vera 4 promille, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a.

5. Eigedomar som har fått fritak for eigedomsskatt i 2025 får tilsvarande fritak for 2026.
6. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen rammer og retningsliner vedteke av sakkunnig takstnemnd 21.2.2018 (jf. eigedomsskattelova § 10).
7. Eigedomsskatten blir skrive ut i fire terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, 1. ledd. Terminane er 10.2., 10.5., 10.8. og 10.11. Kommunale avgifter blir skrive ut i tilsvarande terminar.
8. I samsvar med behov for lånefinansiering får kommunedirektøren fullmakt til å godkjenne lånevilkår til investeringar i 2026 med kr 2.000.000 frå Husbanken til vidareutlån, og kr 48.913.000, med fråtrekk av ubrukte lånemiddel per 1.1.2026 (jf. kommunens finans- og gjeldsreglement), til andre investeringar i 2026.
9. Kommunen skal ha 100% kostnadsdekning gjennom gebyr på sjølvkostområda vatn, avløp, slam, renovasjon, feiing, oppmåling/ eigarseksjonering, spreidd avløp, bygge-/delesak og private planforslag.

Bakgrunn for saka

Med heimel i § 14-1 til 14-5 i kommunelova skal kommunestyre innan utgangen av året vedta økonomiplan for dei komande fire åra og budsjett for det komande kalenderår innan utgangen av året.

Saksopplysningar

Budsjettprosessen er som følger:

Dato	Aktivitet	Fora
21.aug.	Innspel til dialogmøtet	FS
4.sep.	Dialogmøte	KS-komitéane
11.sep.	Drøfte ramme, føresetnader, planprosess og referat frå dialogmøte og hovudtema for arbeidet (ØP-notat 1)	KS
18.sep.	Tilbakemeldingar på bestillingar frå dialogmøtet (ØP-notat 2)	FS
2.okt.	Ev. orientering om ØP-arbeidet, ØP-notat 2	KS
15.okt.	Statsbudsjettet vert lagd fram	
23.okt.	Investeringsbudsjett, gebyrliste, foreløpig konsekvensjustert budsjett (ØP-notat 3) og 2.tertial rapport 2025	FS
6.nov.	Konsekvensjustert driftsbudsjett, tiltak for balansering (ØP-notat 4)	FS
13.nov.	Orientering om ØP-arbeidet, behandle 2.tertial 2025	KS
Nov.	Orientering til råda, HTV, AMU mv.	Råd mv.
27.nov.	Formannskapet legg ØP-en ut på høyring (ØP-notat 5)	FS
15.des.	Innspel frå høyringa (ØP-notat 6) til kommunestyret	
18.des.	Kommunestyret vedtek endeleg økonomiplan	KS

Det blir vist til økonomiplannotat nr. 1 - 5 på nettsida til kommunen for ein detaljert gjennomgang av prosessen, og til økonomiplandokumentet, for mål, analyser og budsjett, inkl. nye styrkingstiltak og innsparingstiltak.

Vurdering

Den økonomiske situasjonen for kommunen er krevjande. Vi dreg med oss ein ubalanse i drifta på 6,8 mill. frå budsjettet 2025.

Av omsyn til den økonomiske situasjonen til kommunen har det vore streng prioritering, ingen vesentlege styrkingar i drifta og naudsynt med fleire innsparingar i økonomiplanen for 2026-2029.

Med bakgrunn i dette er investeringsplanen for "generaløkonomien" i økonomiplanen for 2026-2029 halde på eit forholdsvis lågt nivå, og gjev litt reduserte kapitalutgifter for denne delen av verksemda. Framlegget til økonomiplan 2026-2029 med årsbudsjett 2026 legg opp til investeringsnivå hovudsakeleg innan vatn og avløp i tråd med vedteken handlingsplan for VA. Det er lagt til grunn finansiering gjennom auka VA-gebyr i åra framover. I tillegg er det i planperioden sett av investeringsmidlar til m.a. uteområdet ved ØSUS, uteområde ved Rogne skule, oppgradering av brannstasjon på Beitostølen, Furustrand, nytt takbelegg Tingvang, Hegge stavkyrkje, opparbeiding næringsområde Raubrøtmoen og Mørken, kjøp eigedom, nytt helsehus, og oppgradering av vegar og annan infrastruktur, der ein del av desse tiltaka blir finansiert av eksterne middel.

For å balansere underdekning i planperioden, er det bl.a. lagt inn følgjande nye tiltak:

- Vidareføre tiltaka som vart vedteke i økonomiplanen for 2025, inklusive dei tiltaka med iverksetjing frå 2026. Det tiltaket av størst beløpsmessig betydning er auke av eigedomsskatt frå og med 2028 etter omtaksering 2027.
- Redusere bemanning innanfor grunnskulen med 3 årsverk frå august-26.
- Redusere bemanning innanfor reinhald med 0,6/0,8 årsverk frå -26/-27.
- Redusere bemanning innanfor andre områder med til saman ca. 0,5 årsverk frå august-26.
- Auke inntekter gjennom nye avtaler.

Det er naudsynt å hente midlar frå fond for å få dekke inn ubalansen i drifta i første del av økonomiplanperioden. Tiltaka er nærare omtala i økonomiplanen.

Trass i ein krevjande økonomisk situasjon må kommunen vise evne til nyskaping, endring og utvikling. Kommunedirektøren viser til viktig prioritering i 10 på topp lista i kap. 1 i økonomiplanen.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Kommunedirektøren opplyste om nye tal for oppgradering av Skoltefoss kraftverk og oppretta tal for oppgradering av Coop-bygget til helsetenester.

Formannskapet drøfta 10 på topp og gjorde nokre justeringar i ordlyden.

Formannskapet tek budsjetttramma for Kontrollutvalet ned med 180 000 i året i økonomiplanperioden.

Samrøystes tilrådd.

FS- 59/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek økonomiplan 2026-2029 med årsbudsjett for 2026 i samsvar med spesifikasjonane i vedlagd dokument, «Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd», «Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd», «Økonomisk oversikt drift etter § 5-6», «Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd», «Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd», og med dei endringane som ligg i økonomiplannotat nr. 6 og dei endringane som vart vedteke i møtet.
2. Gebyr og betalingssatsar i samsvar med «Gebyrliste», og med dei endringane som vart vedteke i møtet.
3. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter høgast lovlege satsar.
4. Kommunestyret vedtek med heimel i §§ 2 og 3 bokstav a) i eigedomsskattelova å i 2026 vidareføre utskriving av eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Den generelle skattesats skal vera 7 promille av takstverdien. For bustader og fritidsbustader skal skattesatsen vera 4 promille, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a.
5. Eigedomar som har fått fritak for eigedomsskatt i 2025 får tilsvarende fritak for 2026.
6. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen rammer og retningslinjer vedteke av sakkunnig takstnemnd 21.2.2018 (jf. eigedomsskattelova § 10).
7. Eigedomsskatten blir skriven ut i fire terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, 1. ledd. Terminane er 10.2., 10.5., 10.8. og 10.11. Kommunale avgifter blir skriven ut i tilsvarende terminar.
8. I samsvar med behov for lånefinansiering får kommunedirektøren fullmakt til å godkjenne lånevilkår til investeringar i 2026 med kr 2.000.000 frå Husbanken til vidareutlån, og kr 48.913.000, med fråtrekk av ubrukte lånemiddel per 1.1.2026 (jf. kommunens finans- og gjeldsreglement), til andre investeringar i 2026.
9. Kommunen skal ha 100% kostnadsdekning gjennom gebyr på sjølvkostområda vatn, avløp, slam, renovasjon, feiing, oppmåling/ eigarseksjonering, spreidd avløp, bygge-/delesak og private planforslag.